

Fra: Jon Harald Kjærland[jon.harald.kjaerland@kvinnherad.kommune.no]

Sendt: 25.03.2020 12:39:34

Til: 'Arne Martin Husby'[amhusby@gmail.com]

Kopi: Hilde Kjelstrup[hilde.kjelstrup@kvinnherad.kommune.no]; Ingo Bewer[ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no]; Torill

Slåke[torill.slake@kvinnherad.kommune.no]; Post[post@kvinnherad.kommune.no];

Tittel: SV: sak 2020/920-3

Hei

Du har sendt ein førespurnad, og kommunen har gitt sitt syn på dette. Du har ikkje sendt ein formell nabovarsla dispensasjonssøknad, så svaret vårt er ikkje ein avslag som kan påklagast. Det er ein uttale om korleis kommunen vurderer dette utfrå dei opplysningane vi har.

De har høve til å søkja, og vil då få ei behandling. Administrasjonen har signalisert kva moment vi legg vekt på. Feltutbyggjar er ansvarleg for utbygging av teknisk anlegg som veg, vatn og kloakk. Dersom pågangen på tomter er stor vil nok det framskunda dette arbeidet.

Med helsing

Jon Harald Kjærland

Senior ing., verksemd Forvaltning,

Mobil +47 900 26 923



Fra: Arne Martin Husby

Sendt: onsdag 25. mars 2020 12:22

Til: Jon Harald Kjærland

Emne: sak 2020/920-3

Hei.

Viser til dykkar svar på søknad om mellombels utkjøyring frå tomt 112/100.

Slik eg forstår det vil ikkje de godkjenna denne søknaden, men då lurar eg på korleis de tenkjer vi kan løyse dette?

Tomta eg godkjent boligtomt og alt ligg til rette for at der kan byggast ein bolig der, men tomta har pr d.d. ingen vegtilkomst.

Slik eg ser det så er det heller ingen nærliggjande plan om å byggja vegen gjennom fitjaheia. Kven er det som skal gjere dette? Og kva tid er dette tenkt?

Eg kan ikkje heilt forstå avslaget dykker då Vestland fylkeskommune heller ikkje hadde innseiingar på dette og anbefala midlertidig utkjøyring vi smeaskogen.

Det er kjent i kommunen at det er mangel på boligtomter, og her har vi folk som ynskjer å busetja seg i kommunen og ynskjer å byggja på ei tomt som høver. Tomta vart fråskilt for mange år sidan, og då det vart gjort var det planlagt varig utkjøyrslø via smeaskogen. Kvifor kan de ikkje då gi løyve til mellombels utkjøyrslø no? Og det å endra ei mellombels løysing skal vel ikkje vera noko problem å endra då den faktisk er mellombels? Det seier seg vel sjølv at den skal endrast når den andre vegen er på plass?

Eg ynskjer å påklage dykkar svar og ber om at de ser på saken på nytt.

mvh

Arne Martin Guddal Husby